



Arbeids- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Svar på høyring om forskrift for midlertidig kompensasjonsordning for forhåndsgodkjente tiltaksarrangører

Vi viser til brev frå departementet om forslag til forskrift for ei mellombels kompensasjonsordning for førehandsgodkjende tiltaksarrangørar. Fellesforbundet er glade for at ei slik kompensasjonsordning kjem i stand, og er i all hovudsak einige i forslag til forskrift.

Vi har ein merknad til forskrifta knytt til §4. Der står det følgjande: *"Det gis ikke tilskudd etter denne forskriften som overstiger det beløp tiltaksarrangøren allerede har mottatt i samme periode i tilskudd fra Arbeids- og velferdsetaten for VTA"*. I og med at denne tilskuddsordninga er knytt opp til gjennomføring av VTA og AFT, undrar vi på kvifor AFT ikkje er nemnt i denne siterte setninga. Vi forstår at denne ordninga også skal kunne omfatte bedrifter som berre har AFT-tiltaket. Dersom bedrifter som berre har AFT-tiltaket er utelatne frå ordninga, vil dei ikkje få noko form for støtte i og med at dei heller ikkje vil få støtte frå den ordinære kompensasjonsordninga. Vi ber derfor om at det blir tydeleggjort i forskrifta at dei bedriftene som berre har AFT-tiltaket også er omfatta.

Denne forskrifta er mellombels og gjeld perioden mars til og med mai. Vi vil gjera departementet merksam på at sjølv om tiltaksdeltakarar på desse to tiltaka no gradvis kjem tilbake i arbeid, er det framleis dei som ikkje gjer det. Det kan til dømes skuldast at busituasjonen til nokre som er tilsette på VTA-tiltaket er slik at det kan vera større risiko ved spreiring av smitte. Det kan også skuldast at bedrifter som er kundar til desse tiltaksarrangørane enno ikkje er tilbake i full aktivitet. At det er færre tiltaksdeltakarar på bedriftene, og mindre omsetning medfører redusert produksjon og dermed reduserte inntekter. Vi vil følgja situasjonen nøye framover, og dersom situasjonen tilseier det vil vi be departementet om å fremma forslag om å forlenga denne mellombelse kompensasjonsordninga.

Med venleg helsing
Fellesforbundet

Hege Espe
(sign.)

Norvald Mo
(sign.)

Dette brevet er elektronisk godkjent i Fellesforbundet og har derfor ingen signatur.

Vår dato
05.06.2020

Vår referanse
20/2116-2/FF - 008 NOMO
